



**At Magnus Hardeland (1905/1982) var ein allsidig og produktiv målar på heimeplanet er kjent, men at han også måla i Danmark er mindre kjent.**

**Men slik må vi tolka eit måleri som [uskedalen.no](http://uskedalen.no) har fått sendt over på mail og som eigaren kjøpte i ein auksjon i heimlandet for mange år sidan, Det er av ei strand som kan vera på Skagen (sjå biletet).**

Hardeland har vi hatt utstilling av på Rød og vi har fått dokumentert at han har måla fleire motiv også i Uskedalen. Så var han da også ein gong med den kjende Mannsbugjengen til Mannsvatnet.

Hardeland var særs allsidig og måla ikkje minst vakre landskap frå fjord og fjell, teikna arbeids- og folkeliv, illustrerte historiske hendingar og var ein flink portrettmålar. Han var også inne i heraldikken og har teikna mange kommunevåpen, til dømes for Etne og Kvinnherad. Men når var han i Danmark og måla?

Av Ola Matti Mathisen